

Eit eventyr er eit eventyr er eit eventyr

Omsett av Camilla Bjørke



MARJALEENA LEMBCKE • SYBILLE HEIN

Eit eventyr  
er eit eventyr  
er eit eventyr




SKALD



881 (8); 3 foruzjan; (1) ps  
3) cognacendi  
... 2) 3  
... 3) 4

5



**Det var ein gong** ein konge, ei dronning og ei prinsesse som budde i eit stort eventyrslott i ein vakker rosehage. Slottet hadde fem tårn, og i kvart tårn var det eitt rom. I ballsalen hadde nokon måla Snøkvit, den vesle havfrua, dei sju geitekillingane og fleire andre eventyrfigurar på veggene. Den vesle familien åt frukost i eit gult rom, middag i eit grønt rom, og kveldsmat i eit blått. I slottsbiblioteket var det eit fiolett teppe med bilete av ein eldsprutande drake. I bokhyllene stod det bøker med eventyr frå alle land i heile verda. I slottet budde også kammertenaren til kongen, kammerjomfrua til dronninga, som også var barnejente for prinsessa, kokka og eit par andre tenarar.



Dei hadde romma sine i kjellaren. Der var også kjøkenet med dei sju komfyrane og arbeidsbenkene.

Kokka brukte alle komfyrane. Om måndagane sette ho grytene sine på den minste, der det var plass til fire gryter. På tysdagane brukte ho den andre komfyren, som hadde plass til seks gryter eller panner, og slik heldt det fram heilt til sundag. Om sundagane brukte ho den sjuande komfyren som var så diger at ho kunne koke seksten ulike rettar samstundes.

Rundt slottet og rosehagen stod husa til folket som kongen skulle herske over. Husa var måla i glade fargar og inviterte til besøk. Men dei var tomme. Det var ingen som budde i husa. Kongen gjekk ofte gjennom slottet og grubla over framtida til folket sitt, som slett ikkje fanst enno. Prinsessa tok seg spaserturar i den roseduftande hagen. Dronninga lista seg gjennom dei mørke gangane om nettene, for ho leid av søvnløyse.

På slottet rann ein ny morgon. Kongen

og prinsessa hadde akkurat stått opp. Dei hadde fått hjelp til å kle på seg, og no sat dei i det kongelege gule frukostrommet og venta på frukosten.

Marie, barnejenta til prinsessa, hadde mange oppgåver å gjere. No skauv ho den forgylte frukostvogna inn i frukostrommet. Der var det rista brødsiver, bringebær-, bjørnebær-, rips- og stikkelsbærsyltetøy, eksotiske frukter, sju sortar ost, pølse, skinke, kaffi og kakao. Marie skjenkte kaffi i koppen til kongen og sette eit kakaokrus på bordet framfor prinsessa. Kongen drakk ein ørliten slurk av den varme kaffien, og prinsessa slurpa av kakaoen sin medan ho venta på at tenestejenta skulle smørje ei skive med syltetøy til henne. Men ingenting hende. Marie stod ved sida av det lange bordet som om ho var forsteina.

«Marie!» ropte kongen høgt. «Marie!» Marie blunka ikkje eingong. Kongen ropte på kammertenaren som stod ved døra. «Ludvig!» ropte han, og då han ikkje fekk noko svar, ropte han ein gong til:

«Ludvig, er du vorten døv? Eg snakkar til deg!»

«Nei, min konge! Ja, min konge, eg høyrer Dykk, men eg kan ikkje gjere noko. Hendene mine er bundne.»

«Kva meiner du? Har nokon fanga deg?»

«Nei, min konge, men den siste setninga forfattaren skreiv, var: *Den trufaste tenaren Ludvig står ved døra inn til frukostrommet*. Eg har ikkje fått fleire instruksar!»

Kongen sukka: «Så bunden til forteljinga! Er det slik at forfattaren sitt ord veg meir enn mitt? Og du, kjære dotter mi, slutt å stire på fatet ditt. Kan du ikkje for ein gongs skuld smørje syltetøy på skiva di sjølv?»

Prinsessa kasta på dei gylne hårlokkane sine, såg på far sin med det mest iskalde prinsesseblikket du kan tenkje deg og spurde: «Og Marie? Kva skal ho gjere då, viss eg må smørje skiva mi sjølv?»

«Det får vere Marie sitt problem. Tenestefolk har alltid noko å gjere. Om dei berre vil gjere noko!»

Kongen rista på det kongelege hovudet

sitt og sa: «Eg må nok ta meg meir av oppsedinga di, for mor di gjer det jo ikkje.»

«Det er ikkje hennar skuld,» sa prinsessa. «Ho må jo sove om dagen når ho har vore oppe heile natta!»

I same augneblinken gjekk døra opp, og dronninga kom inn. Ho hadde på seg lilla morgonkåpe og tøflar. Dronninga heldt handa framfor munnen og gjespa lenge. «Endå ei natt utan blund på auga. Eg vil at du gjer noko med det, kjære. Eg går gjennom det sovande slottet natt ut og natt inn, og om dagen skal eg liggje i senga og liksom leike Tornerose. Kor er den unge mannen som er ansvarleg for dette eventyret?»

Endå ein gong gjespa dronninga høgt. Så sa ho: «Marie, skjenk i kaffi til meg, er du snill.»

Marie såg stumt på henne og rørte seg ikkje av flekken.

«Kva er det med henne?» spurde dronninga og skjenkte kaffi til seg sjølv.

«Eg trur den unge forfattaren har gått sin veg, og utan instruksane hans gjer



ikkje tenarane noko,» forklarde kongen.

«Jøss, storarta,» sa dronninga. «Dersom han sluttar å gi instruksar, skal eg gjere akkurat det eg har lyst til. Eg skal vere oppe heile dagen og ikkje leggje meg før stjernene blenkjer på himmelen og månen er komen fram. Dessutan skal eg finne meg eit nytt namn. Tenk å kalle meg 'Nattas Dronning'! Eit latterleg namn. Det hadde passa betre på ein kaktus!»



«Eg skal finne meg ein vakker prins,» sa prinsessa. Kongen rista på hovudet.

«Du treng heldigvis ingen prins på lenge. Og eg har slett ikkje tenkt å bry meg med nokon eventyrprins no. Eg lurar heller på om vi eigentleg treng forfattaren. Kva skjer med oss dersom den unge mannen ikkje kjem tilbake? Finst det eit liv for oss utanfor eventyret?»

«Det var mange spørsmål,» sa dronninga spottande. «Det er ikkje for ingenting at han kallar deg Kong Spørsmålsteikn. Alltid berre undring og spørsmål i hovudet!»

«Tull! Eg heiter ikkje Kong Spørsmålsteikn. Spørsmålsteiknet står der berre fordi han ikkje har funne noko verdig namn til meg enno. Kanskje burde vi ikkje lenger late oss diktere, i alle fall ikkje når ingen dikterer oss! Kanskje burde vi ta livet i eigne hender,» sa kongen.

Med store steg gjekk han att og fram på golvet, snakka og gestikulerte ivrig, medan han stilte spørsmål og svara på dei sjølv. Endeleg stoppa han opp og såg på dronninga. Han ville ha eit svar frå

henne på det siste kongelege spørsmålet, men dronninga hadde sovna.

«Alle endringar burde byrje med spørsmålet: kvifor gjer eg akkurat det eg skal til å gjere no,» sa kongen.

«Nei, jaså gitt!» Dronninga opna auga. «Det er det eg har sagt heile tida. Den unge mannen som skriv dette eventyret, eig ikkje fantasi! Korleis skal han kunne skrive eit eventyr når han ikkje ein gong kan finne eit namn til kongen sin?»

Kongen rista på hovudet. «Du høyrer aldri etter kva eg seier. Eg snakkar ikkje om fantasien til forfattaren!»

«Visst har han fantasi! Og han liker meg best av alle figurane sine. Han vil gjerne gifte meg bort, men han finn ingen prins som er meg verdig,» blanda prinsesse Rosenraud seg inn og smilte stolt.

«Sjølv om han skulle finne ein prins til deg, er du altfor ung til å gifte deg! Det har eg allereie forklart deg. Du skal ikkje drøyme om framtida, men nyte barndomen din,» sa kongen.

«Korleis gjer eg det, då?» spurde prin-

sessa. «Eg har jo ikkje ein gong ei veninne eller ein ven eg kan leike med.»

«Det burde forfattaren gjere noko med,» meinte dronninga og gjespa.

«Eg merkar allereie at de ikkje har lyst til å høyre om sutene mine. Då burde vi kanskje samle oss om frukosten. Kven veit når vi får eit måltid neste gong,» sa kongen.

Dei åt opp alt brødet, tømde alle skålene og drakk opp all kaffien og kakaoen.

Dronninga gjespa og kjempa mot trøyttleiken, prinsessa keia seg og tok til å samle lokkane sine i fletter. Kongen pirka seg i jekslane med ein gyllen tannpirkar medan han rynka panna. Så såg han ut vindauget, på slottshagen som til vanleg blomstra i all si prakt. No låg det raude og kvite blomsterblad på bakken, og dei grønne blada hang livlause på greinene, som om dei hadde stått dagevis utan vatn i den steikande julisola. «Forfattaren bryr seg ikkje lenger om oss og livet vårt,» sa kongen og sukka.

«Han har gått sin veg før. Ikkje tenk meir på det. Det er dette dei kallar ein

kunstnarleg pause,» sa dronninga.

Kongen peika ut på hagen. «Det er visst pause i hagen òg. Rosene er avblomstra, trea heng med blada, og sommarfuglane er borte. Og tenarskapet tek pause. Eller rettare sagt; dei gjer ingenting. Dei vil truleg ikkje røre seg før forfattaren seier dei skal gjere det.»

«Dei burde lære seg å handle sjølvstendig! Dei må ikkje alltid høyre på forfattaren!» meinte dronninga. «Vi er jo framleis her.»

«Ja, men kor lenge?» spurde kongen.

«Kva kan vel hende oss? Lagerromma i kjellaren er truleg fulle av mat, og viss tenarane ikkje vil servere, så ver så god! Då forsyner vi oss berre sjølve!» meinte dronninga.


Kongen hutra. «Det er kaldt som om vinteren. Det er noko som ikkje stemmer!»

Prinsessa stakk tuppen på fletta si i munnen og klatra opp på fanget til dronninga. Ho kjende seg med eitt så lita. Kongen stilte seg bak stolen dei sat på og la armane sine rundt begge to. Plutseleg var dei redde.

«Vi må finne forfattaren,» sa kongen.

Marie stod på same flekken, men no rann det store tårer frå auga hennar.

«For Guds skuld, jente, ikkje gråt, tårene dine får skrifta til å flyte utover!» ropte dronninga nervøst.



**Forfattaren** spaserte rundt innsjøen som låg midt i byen. Vêret var fint, seglbåtane låg ved brygga og utanfor kaféane sat menneska og drakk kaffi, te eller øl. Over innsjøen flaug måsar. Trastane og spurvane pikka i brødsmular, himmelen var blå og trea grønne. Menneska hadde lette klede på og myste tilfredse mot den varme julisola. Forfattaren kjende seg einsam. Han hadde ikkje så mange

vener, for han treivst best i lag med personane frå historiene sine. Av og til var det nokon som ringde eller stakk innom, og stundom fekk han eit kort frå dei gamle skulekameratane sine. Dei har alle utretta noko, tenkte forfattaren.

Dei tener pengar og byggjer seg hus. Ordentlege hus, ikkje berre eventyrslott. Eigentleg ville han ikkje byggje seg noko hus, og pengar tenkte han mest ikkje på. Men han lurte på korleis livet hans skulle halde fram.

Brått var det ein gut som støyte borti han. Han var kanskje tretten eller fjorten år gammal. Buksa hans var sundriven, og t-skjorta hang og slang rundt den smale brystkassa.

«Hei!» sa guten, «Kjenner du meg ikkje lenger?»

Forfattaren rista på hovudet, tok ein mynt or jakkelomma og gav til guten. Då han skulle til å spørje guten kor dei kjende kvarandre frå, var guten forsvunnen.

Så kom han på at guten var med i ei av historiene han ikkje hadde skrive ferdig.

Han kom til å tenkje på alle dei historiene som aldri vart ferdigskrivne. Skal tru kva barna gjorde på no? Han hadde gitt dei ein heim for eit par dagar i historiene sine. Ungdomane frå gata, kor sov dei no?

Han tenkte på eventyret sitt. Kva kom

til å skje med kongefamilien om han svikta den òg? Det makelause slottet ville forfalle, det kom aldri til å bu nokon i dei små fargeglade husa rundt slottet, og det var ingen som kom til å spasere i rosehagen. Og kongen, dronninga og den vesle søte prinsessa, kor skulle dei ta vegen?

**Kongen, dronninga og prinsessa** hadde forlate slottet. Dei var letta og glade for at dei kunne flytte på seg utan instruksane frå forfattaren.

«Ganske fargelaust her,» meinte prinsessa der ho gjekk i gatene.

«No ja, etter eit kongeleg slott verkar desse husa kanskje grå og dystre. Her ute er det likevel lysare enn inne i slottet om natta,» meinte dronninga og strekte armene i vêret. «Sola skin. Eg kjenner beint korleis nytt liv vaknar i meg!»

«Eg òg!» ropte prinsessa. «Vi lever! Vi lever!» skreik ho oppglødd, før ho forskrekka la handa over munnen.

Ho var jo prinsesse. Ho kunne ikkje skrike ut gleda si på denne måten! Ho såg seg brydd rundt, men ikkje eit menneske reagerte på gledesropa hennar.

Prinsessa såg på den lange silkekjolen sin og dei sarte gullsandalane, ho såg på brokadeslåbroken til kongen og den lilla satengmorgonkåpa til dronninga. Så såg ho på menneska som gjekk i gatene. Dei hadde dongeribukser på, lyse sommarbukser, korte, tronge skjørt og t-skjorter. Då ho såg to jenter i lange skjørt, kjende ho seg rolegare. Kanskje ville dei likevel ikkje vekkje for mykje merksemd. Kleda til foreldra hennar var rett nok upassande, men kanskje ville folk tenkje at dei kom frå eit fjernt og framandt land.

For dei tre var gatene, husa og menneska svært underlege. Og desse merkelege firhjulingane av blekk som susa forbi! Det var så mykje som overraska dei at dei mest gløymde kvifor dei var her. Kongen naut det yrande livet på gata og lurte ein augneblink på om han skulle søkje seg jobb utanfor eventyret.

Då han spurde seg sjølv kva yrke som ville passe for han, kom han ikkje på noko. Han var berre konge.

Han byrja å lure på kvar forfattaren kunne ha teke vegen.

«Kva trur de? Er forfattaren vår i sentrum, eller finn vi han utanfor byen?»

«Eg vil slett ikkje finne han enno,» sa dronninga. «Eg vil oppleve noko! Han skriv jo aldri noko spennande for oss.»

Prinsessa hadde yndlingskjolen på seg og såg veldig vakker ut. «Lat oss gå der det er mange menneske!» ropte ho.

«Ja, lat oss gjere det,» sa kongen. «Det er berre eit problem. Kvar er sentrum?»

«Spør nokon, då!» sa dronninga.

Kongen gjekk bort til ein ung mann, bukka høfleg og sa: «Orsak meg, eg vil nødvendig vere til bry for deg, men vi er framande her og vil gjerne vite kvar vi finn vegen inn til sentrum, som truleg ligg ein stad i nærleiken. Kunne De vere grei å hjelpe oss, slik at vi blir sparde for vonlaus leiting og vildrar oss bort?»

Kongen stod der og smilte høfleg, men

den unge mannen gjekk forbi utan å ense han med eit blikk.

«Svært uforskamma,» sa kongen og rista på hovudet. «Dersom alle unge menn oppfører seg så dårleg, kan dottera vår enno vente lenge før eg gir mitt samtykke til ekteskap!»

Prinsessa fniste. «Du formulerte spørsmålet så omstendeleg at den stakkars mannen ikkje forstod eitt ord av kva du sa.»

«No tek eg over spørjinga,» sa dronninga. «Eg er ei kvinne av få ord. Eg formulerer spørsmåla mine knapt og presist, slik alle burde gjere om dei vil bli forstått og få eit klart svar.»

Ho gjekk bort til ei eldre kvinne og såg på henne med eit strengt dronningblikk. «Frue! Eg vil inn til sentrum. Sei meg vegen dit.»

Den gamle kvinna gjekk forbi dei utan å svare.

«Om nokon hadde spurt meg så einstava og arrogant, ville heller ikkje eg ha svara,» brumma kongen.

«Eg trur det er best om Rosenraud spør.

Ingen kan late vere å svare eit barn.»

Prinsessa valde seg ut ein eldre mann som såg venleg ut, stilte seg framfor han, neia, smilte elskverdig og spurde: «Orsak meg, fine herre, at eg forstyrerar Dykk, men foreldra mine og eg er rådlause. Det er viktig for oss at vi kjem oss inn til sentrum, men vi kjenner ikkje denne byen. No står vi her i all vår naud og er avhengige av Dykkar hjelp.»

Då mannen gjekk forbi henne utan å svare, kjende prinsessa korleis tårene pressa på.

«Det har du etter far din,» sa dronninga. «Dette snirklete språket! Kven har vel tid og lyst til å høyre på eit slikt litani.»

«Kom igjen, vi lyt ganske enkelt følgje nasen!» ropte kongen og kasta eit blikk på dronninga for å sjå om der var noka ros å spore. No hadde han jo faktisk uttrykt seg ganske enkelt!

Men dronninga var knipen med rosen. Ho berre heva augnebryna og drog på skuldrene.

Dei valde den mest trafikkerte vegen.

Etter eit par hundre meter såg dei dei første butikkane og ei kyrkje. Dronninga og prinsessa måtte løfte skjorta høgt, og kongen hadde vondt i fotsolane fordi han gjekk i nokre tynne, grønne satengtøflar. Dei måtte passe seg for bilane, og dei våga seg berre over gata i følgje med andre. Dronninga tok handa til dottera og sleppte henne ikkje. Dei kom fram til ei brei gate der det heldigvis ikkje var bilar. Det var butikkar både til høgre og venstre, og dronninga og prinsessa vart stadig vekk ståande framfor utstillingsvindauga og beundra skjorta, genserane og blusane.

«Kan eg få meg nokre nye klede?» spurde prinsessa. «Eg må alltid gå med dei kleda forfattaren har valt. Eg har lyst til å gå inn i ein slik butikk på eiga hand.»

«Eg er for meir sjølvstende,» sa dronninga. «Eg blir med! Eg vil òg for ein gongs skuld prøve nokre skjørt. Kanskje til og med ei bukse!»

«Nei, ver så snill,» sa kongen. «Ei bukse! Du er ei dronning.»

«Akkurat! Og i augneblinken er eg ute og går i berre morgonkåpa. Du må forstå at dette klesplagget ikkje passar inn, verken når det gjeld tid eller stad. Du kunne ha skaffa deg noko meir passende sjølv òg,» sa dronninga og såg på mannen sin med eit kritisk blikk.

«Takk! Kjappe avgjerder er ikkje min stil. Alt må vere nøye planlagt på førehand. Og eg har, når sant skal seiast, viktigare ting å tenkje på enn nye klede. Men berre gå, de! I mellomtida skal eg tenkje gjennom stoda vår.»

Dronninga fniste som ei ungjente, då ho og prinsessa gjekk inn i butikken. Prinsessa var i den sjuande himmelen. Så mange klede; skjørt, blusar og bukser!

«Forfattaren har ikkje akkurat velsigna oss med ein velfylt garderobe,» meinte ho.

«Det er fordi han er mann! Og endåtil ein mann utan fantasi,» sa dronninga.

Prinsessa såg korleis andre jenter og kvinner forsvann inn i små rom med to, tre klesplagg.

Etterpå kom dei ut for å sjå seg sjølve

frå høgre og venstre i ein spegel.

Då ei jente på hennar eigen alder kom ut av det vesle rommet med ei trong bukse på, ropte prinsessa ut: «Å, mamma, ei slik bukse vil eg òg ha!»

Ho følgde etter jenta inn i rommet. Jenta verka ikkje til å ha noko imot at ho var der.

«Viss du ikkje vil ha buksa, vil eg gjerne prøve henne,» sa ho høfleg. Jenta treiv buksa, tok hennemed seg til kassa og betalte.

Ho kunne i det minste ha svara, tenkte prinsessa. Men det hang jo enno hundrevis av slike bukser på ulike stativ. Den første buksa ho prøvde på, var altfor stor for henne. Den neste var så lita at Rosenraud ikkje fekk henne over hoftene.

Ho leitte etter dronninga. Ho fann henne i avdelinga for selskapsklede, og dronninga stod no framfor spegelen med ein blå, knesid silkekjole på.

«Kva tykkjer du om denne?» spurde ho prinsessa.

«Eg veit ikkje, eg har aldri sett beina dine før. Sidan du spør, så tykkjer eg den kjolen ser rar ut.

Og du ser forresten uformeleg ut i han!»

«Tykkjer du det?» spurde dronninga, dreidde seg endå ein gong rundt framfor spegelen og sukka medan ho tok kjolen av seg.

«Mamma, du har jo ikkje teke av deg morgonkåpa! Ikkje rart den kjolen såg rar ut!» ropte prinsessa.

«Du trur vel ikkje at eg kler av meg framfor vilt framande menneske,» sa dronninga.

Prinsessa fann ein raud selskapskjole

